



**RADØY KOMMUNE**

**NOTAT**

**Dok. ref.**

02/368-107/K1-140/LTA

**Dato:**

Manger: 16.03.2005

**KOMMUNEPLAN FOR RADØY**

**AREALDEL 2005 – 2017**

**Retningslinjer**

**Den grønne øya**

**Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle**

Retningslinjene er rettleiande og kan ikkje nyttast som heimelsgrunnlag for vedtak etter kommuneplanen.

## 1. Retningslinjer til byggeområda.

Byggeområde for bustader

- Ved planlegging av nye bustadområde bør det takast omsyn til eksisterande byggeskikk, landskap natur-, og kulturminne.
- Ved gjennomføring av tiltak bør det sikrast god tilgang for alle befolkningsgrupper, herunder røyrlehemma, synshemma og miljøhemma.
- Leikeareal skal liggje sentralt, solrikt, skjerma frå trafikk og med god avstand høgspenliner og transformatorar.
- Det skal vere trafikksikker tilgjenge mellom bueingane og uteoppholdsareala.
- Strandsone skal i hovudsak avsettast til friluftsføremål/ fellesareal.

Byggeområde for hytter

- Bygging av fritidsbustader bør føre til minst mogleg landskap og naturinngrep.
- Hyttene bør i størst mogleg grad bli lokalisert i grupper.
- Parkering /trafikkareal skal vere felles, så langt som det er råd.
- Det bør ikkje førast opp gjerde rundt fritidseigedommar.

Naust

- Det bør nyttast tradisjonelle byggemateriale, som naturstein i fundament, trekledning på veggjar, og panner eller skifer på tak. Andre materialer kan nyttast i miljø der anna spesifikt materiale er dominerande
- Dersom fleire naust vert ført opp side ved side bør dei få ei individuell utforming slik tradisjonen er.
- Inngrep skal leggest vinn på minst mogleg inngrep både på land og i vann ved planlegging og oppføring av naust.

## 2. LNF – Områda

- Ved deling av tomter i LNF områda bør eigedommane delast frå slik at dei ligg med felles grense til eksisterande eigedommar, slik at restarealet vert betre tilgjengeleg og betre arrondert for stadbunden næring.
- Eksisterande vegar og avkjørsler skal om mogleg nyttast ved frådeling og nybygging.
- Ved vurdering om det er grunnlag for å gje dispensasjon frå kommuneplan, skal kommunen særskilt vurdere tiltaket sine konsekvensar i høve til bygda sine behov for tilvekst, jordvern, omsyn til biologisk mangfald, kulturminne, kulturlandskap og friluftsliv.
- Det skal ikkje setjast opp gjerde eller andre innretningar som hindrar den fri ferdsel i 100 meters beltet til sjø.
- Alle tiltak nærmare enn 100 meter frå automatisk freda kulturminne skal leggest fram for kulturseksjonen hjå fylkeskommunen til uttale.
- Det skal liggje ei landbruksfagleg vurdering til grunn for om det er naudsynt med hus nr. 2 (kårhus) på garden. Hus nr. 2 bør helst plasserast i tilknytning til driftsentret og bygningsmessig gli inn som ein del av den eksisterande tunskipnaden.
- Tiltak skal ikkje gjennomførast dersom det skiplar viktige kulturlandskapsomsyn.

### 3. Område for råstoff utvinning.

- Det er Hordaland fylkeskommune som kan gi konsesjon til opptak av skjelsand, kommunen er høyringsinstans
- Omfanget av eventuelt uttak skal rapporterast til Radøy kommune.
- Tidspunkt for skjelsandsopptak skal skje i samråd med det lokale fiskarlaget.

### 4. Område som er bandlagt eller skal bandleggjast.

- Område som Bergen og Omland friluftsråd og Radøy kommune får hand om treng i utgangspunktet ikkje regulerast
- For sikra sjøfuglreservat gjeld eigne vernereglar i medhald av kgl. Res. Av 3. April 1987.
- Klausuleringsvedtektene set strenge restriksjonar på bruk og ferdsle i Ulvatnet og området kring.

### 5. Område for særskilt bruk eller vern av sjø eller vassdrag.

FNFF – Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv.

- Tiltak eller inngrep som kan hindre fiske, ferdsel, friluftsliv eller natur, vilt og fuglelivet skal ikkje tillatast.

FNFFA1 - Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv og akvakultur 1.

- Område som ikkje er konfliktvurdert. Eventuelle tiltak skal vurderast som einssilde saker. Tiltak eller inngrep som kan hindre fiske, ferdsel, friluftsliv eller akvakulturinteresser

FNFFA2 - Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv og akvakultur 2.

- Skjel- og skaldyranlegg kan tillatast dersom dei ikkje er til hinder for ålmenta sine interesser. Av merdeanlegg er det berre marinfisk anlegg, som ikkje belastar resipienten som kan tillatast. Eventuelle tiltak skal vurderast som einssilde saker.

FNFFA3 - Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv og akvakultur 3.

- Det kan opnast for havbeite/ botnkultur som ikkje er til hinder for fiske, ferdsel, natur og friluftslivinteresser.

FI/NA – Fiske naturområde (sjøområda utanfor sjøfuglreservatet på Sandholmene)

- I dette område er tradisjonelt fiske og naturvern likestilt. Tradisjonelt fiske kan påleggjast restriksjonar, men da må det skje i samråd med fiskeristyresmakta.

NA – Naturområde, område for sjøfugl og havstrandlokalitet.

- Bruk som er i strid med naturverninteressene, som knyter seg til områda skal ikkje tillatast.

AK – Akvakulturområde, område prioritert for fiskeoppdrett.

- Fiskeoppdrett skal ikkje lokaliserast slik at bruken av kaste- og låssetjingsplassane til tradisjonelt fiske og alminneleg ferdsel på sjøen hindrast. Nyetablering av fiskeoppdrettverksemd kan ikkje skje nærare enn 500 meter frå sikra friluftsområde, naturreservat eller busetnad.

- Lokalisering bør ikkje skje nær badeplassar og fritidsbusetnad.

FI – Fiskeområde, område der tradisjonelt fiske har prioritet.

- Område merka **FI** (fiskeområde) med suffiksa **GY** (gyteområde) viser at tilvist bruk skal ha prioritet i tidsrommet når aktiviteten er aktuell

FR – Friluftsområde i sjø, området prioritert for tradisjonell naturbasert friluftsliv.

- Friluftsliv (sport) som medfører ureining, støy eller vesentleg reduserer områda sine naturkvalitetar, har ikkje prioritet i områda. Tradisjonelt fiske vert ikkje pålagt restriksjonar utan samråd med fiskeristyresmaktene.

## Felles vedtekter

- Alle tiltak med nye og varige inngrep i sjøbotn må sendast til fylkesmannen, kultur- og idrettsavdelinga, som koordinerer høyring ved Bergen sjøfartsmuseum for vurdering i høve kulturminne under vann.